

Gaular kontrollutval

SEKOM-sekretariat

Møtebok

Møtestad: Gaular kommune - møterommet
Dato: 13.09.2017
Tid: Kl. 09:00

Faste representantar som møtte:

Aud Lunde
Lars Egil Viken
Margunn Dyrdal

Forfall faste representantar:

Dag Kjetil Storøy
Jarl Tyssekvam

Fylgjande vararep. møtte:

Randi Marie Rambjørg

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
25/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
26/17	Skriv og meldingar
27/17	Sårbarheit i organisasjonen - revisjonsrapport
28/17	Forvaltningsrevisjon: Val av nytt prosjekt 2017
29/17	Rekneskapsrevisjon - informasjon frå revisor 2017
30/17	Budsjett for Gaular kontrollutval 2018
31/17	Oppfølgingsliste 4 - 2017
32/17	Eventuelt

Andre som møtte: SEKOM-sekretariat ved Arnar Helgheim. KRYSS Revisjon ved Asgeir Tveit og Stig Årdal. Rådmann Atle Fasteland.

Underskrifter:

25/17: Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:
(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak)

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming i Gaular kontrollutval 13.09.2017:
Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

GAU- 25/17 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

26/17: Skriv og meldingar

Tilråding frå SEKOM-sekretariat
(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak)

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Handsaming i Gaular kontrollutval 13.09.2017:
Utvalsleiar Aud Lunde informerte frå konferanse og årsmøte i Forum for kontroll og tilsyn den 7. og 8. juni.

Rådmann Atle Fasteland informerte om fleire tema:

- Status i arbeidet med ny kommune i indre Sunnfjord
- Personalsystem / turnus
- Sjukeheim - overbelegg
- Bibliotek Viksdalen. Saka skal opp i kommunestyret
- Felles barnevern med Førde. Det skal vere møte med barnevernet om økonomiske utfordringar.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

GAU- 26/17 VEDTAK:

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

27/17: Sårbarheit i organisasjonen - revisjonsrapport

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Revisjonsrapport om Sårbarheit i organisasjonen vert teken til vitande.

Rådmannen følgjer opp funna i rapporten med vekt på:

- Oppdatering av internkontrollrutinar
- Sikre bruk av internkontrollsystemet i organisasjonen
- Rutinar for dobbelkompetanse i einingane

Handsaming i Gaular kontrollutval 13.09.2017:

Forvaltningsrevisor Stig Årdal informerte om rapporten. Rådmann Atle Fasteland informerte om status og framdrift.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

GAU- 27/17 VEDTAK:

Revisjonsrapport om Sårbarheit i organisasjonen vert teken til vitande.

Rådmannen følgjer opp funna i rapporten med vekt på:

- Oppdatering av internkontrollrutinar
- Sikre bruk av internkontrollsystemet i organisasjonen
- Rutinar for dobbelkompetanse i einingane

28/17: Forvaltningsrevisjon: Val av nytt prosjekt 2017

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjon om «Samhandlingsreforma» hjå KRYSS Revisjon

Hovudproblemstilling:

- Følgjer kommunen opp føresetnadane i samhandlingsreforma?

Underproblemstillingar:

- Har kommunen kartlagt innbygarane sin helsetilstand og laga mål, strategiar og tiltak jf Folkehelseloven kapittel 2.
- Har kommunen styringsdokument for samhandling mellom omsorgsteneste, fastlegar og sjukehus? Vert desse følgde?
- Har kommunen tilstrekkeleg kapasitet og fagkompetanse til å ta mot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus?
- Har kommunen oversikt over reinnleggingar etter utskrivning frå sjukehus? Har kommunen tiltak for å unngå dette?

Frist for prosjektplan: 10.11.17

Frist for rapport: 1.5.17

Handsaming i Gaular kontrollutval 13.09.2017:

Endringsframlegg i møtet til kulepunkt 2 med presiering av KAD-senger:

Har kommunen styringsdokument for samhandling mellom omsorgstenester, fastlegar, KAD-senger og sjukehus? Vert desse føgde?

Tilrådinga med endringsframlegg vart samrøystes vedteken.

GAU- 28/17 VEDTAK:

Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjon om «Samhandlingsreforma» hjå KRYSS Revisjon

Hovudproblemstilling:

- Følgjer kommunen opp føresetnadane i samhandlingsreforma?

Underproblemstillingar:

- Har kommunen kartlagt innbyggjarane sin helsetilstand og laga mål, strategiar og tiltak jf Folkehelseloven kapittel 2.
- Har kommunen styringsdokument for samhandling mellom omsorgsteneste, fastlegar, KAD-senger og sjukehus? Vert desse følgde?
- Har kommunen tilstrekkeleg kapasitet og fagkompetanse til å ta mot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus?
- Har kommunen oversikt over reinnleggingar etter utskrivning frå sjukehus? Har kommunen tiltak for å unngå dette?

Frist for prosjektplan: 10.11.17

Frist for rapport: 1.5.17

29/17: Rekneskapsrevisjon - informasjon frå revisor 2017

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Informasjonen vert teken til orientering.

Handsaming i Gaular kontrollutval 13.09.2017:

Rekneskapsrevisor Asgeir Tveit informerte med utgangspunkt i revisjonssystemet Descartes.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

GAU- 29/17 VEDTAK:

Informasjonen vert teken til orientering.

30/17: Budsjett for Gaular kontrollutval 2018**Tilråding frå SEKOM-sekretariat:**

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet i 2018:

Konto	Tekst	B2017	B2018
10800	Godtgjersle folkevalde	26 000	27 000
10801	Godtgjersle leiar råd/utval	21 000	22 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	4 000	5 000
11200	Diverse	2 000	2 000
11500	Opplæring / kurs / seminar	20 000	20 000
11600	Skyss / diett	2 500	3 000
11651	Telefongodtgjersle	2 000	2 500
11959	Kontingentar (FKT)	1 500	3 500
	Sum	79 000	85 000

Handsaming i Gaular kontrollutval 13.09.2017:

Endringsframlegg i møtet på grunn av planlagt fellesmøte i indre Sunnfjord:

Post 10800 Auka med 5.000

Tilrådinga med endringsframlegg vart samrøystes vedteken.

GAU- 30/17 VEDTAK:

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet i 2018:

Konto	Tekst	B2017	B2018
10800	Godtgjersle folkevalde	26 000	32 000
10801	Godtgjersle leiar råd/utval	21 000	22 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	4 000	5 000
11200	Diverse	2 000	2 000
11500	Opplæring / kurs / seminar	20 000	20 000
11600	Skyss / diett	2 500	3 000
11651	Telefongodtgjersle	2 000	2 500
11959	Kontingentar (FKT)	1 500	3 500
	Sum	79 000	90 000

31/17: Oppfølgingsliste 4 - 2017

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Gjennomgangen av oppfølgingslista vert teken til vitande.

Handsaming i Gaular kontrollutval 13.09.2017:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

GAU- 31/17 VEDTAK:

Gjennomgangen av oppfølgingslista vert teken til vitande.

32/17: Eventuelt

Handsaming i Gaular kontrollutval 13.09.2017:

GAU- 32/17 VEDTAK: